

Protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF

Tid: 01.09.2010
Møtestad: Stord Hotel, Leirvik

Styremøtet var ope for publikum og presse

Deltakarar frå styret

Oddvard Nilsen
Aud Berit Alsaker Haynes
Gisle Handeland
Gunnar Berge
Gerd Dvergsdal
Nils P Støyva
Ohene Aboagye
Gro Skartveit
Toril Selsvold Nyborg
Lise Karin Strømme
Aslaug Husa
Reidun Nyborg Johansen
Helge Espelid

Forfall frå styret

Deltakarar frå administrasjonen:

Administrerende direktør Herlof Nilssen
Fagdirektør Baard-Christian Schem
Eigardirektør Ivar Eriksen
Økonomi- og finansdirektør Per Karlsen
Personal- og organisasjonsdirektør Hilde Christiansen
Konst. kommunikasjonsdirektør Elisabeth Huse
Torunn Nilsen referent

Sakliste

084/10 B	Godkjenning av innkalling og dagsorden
085/10 B	Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF 22. juni 2010
086/10 B	Godkjenning av protokoll frå telefonstyremøte Helse Vest RHF 2. juli 2010
087/10 O	Administrerende direktør si orientering
088/10 B	Oppdragsdokument 2010. Tilleggsdokument etter Stortinget si behandling av St.prp. nr 67 (2009-2009)
089/10 B	Protokoll frå føretaksmøte Helse Vest RHF 8. juni 2010
090/10 B	Rapportering frå verksemda per juli 2010
091/10 B	Langtidsbudsjett 2011 - 2015
092/10 B	Investeringsramme Helse Førde og resultatkrav Helse Fonna
093/10 B	Oppfølging av barne- og ungdomspsykiatrien
094/10 B	Mal for styret si eigenevaluering og vurdering av administrerende direktør
095/10 B	Møteplan for 2011 for styret i Helse Vest RHF
096/10 B	Revisjonsrapport- oppfølging av økonomistyring i helseføretaka
097/10 B	Helse2020 - Revidering 2011-2015
098/10 O	Protokoll frå møte i revisjonskomiteen 21.juni 2010
099/10 B	Eventuelt

Fellesmøte med styret i Helse Vest RHF og styret i Helse Fonna HF

Møtet blei gjennomført med følgjande saker på saklista:

Synfaring på Stord sjukehus v/ Helse Fonna HF

Status og tiltak i Helse Fonna HF i høve til: økonomi, ventetid, sjukefråvær samt utfordringar i Helse Fonna

Orientering om aktivitet, utbetring og gjennomførte tiltak ved Stord sjukehus

084/10 B Godkjenning av innkalling og dagsorden

Oppsummering:

Dagsorden:

Administrerende direktør si orientering blei utvida med ei ny orientering:

- Pkt 9 – Om forlenging av avtaler innan tverrfagleg spesialisert behandling for rusmiddelavhengige

Styreleiar orienterte om at møtet blir lukka under handsaming av dette punktet og at lukka del av AD si orientering blir behandla i slutten av møtet.

Styreleiar orienterte om at følgjande dokument var delt ut i møte:

Til sak 091/10 B

Notat – Langtidsbudsjett 2011 – 2015, investeringsgrunnlag Helse Bergen

Til sak 094/10 B

Notat frå Regionalt brukarutval - Mal for styret si evaluering og vurdering av administrerande direktør

Til skriv og meldingar

- Samandrag frå prosjektoppgåve frå Handelshøgskolen BI – "Styrets ansvar for risikostyring og internkontroll. Følger styrene i børsnoterte selskaper og norske regionale helseforetak gjeldende lover, forskrifter, standarder og andre styrende dokumenter?"
- Om nokon ønskjer heile prosjektoppgåva, kan dei få den tilsendt.
- Brev frå Ordførar i Eid kommune, dagsett 310810 – Stopp gjennomføringa av strategiprosessen
- Brev frå Nordfjordrådet, dagsett 310810 – Støttebrev til brev frå Eid kommune
- Brev frå advokatfirmaet Harris på vegne av Aksjonskomiteen for bevaring av Nordfjord sjukehus – Søknad om økt investeringsramme frå Helse Førde – oppfølging av vedtak om omstilling.

Forfall til møtet:

Det var ingen forfall til møtet

Vedtak (samrøystes):

Det var ingen merknader til innkalling og dagsorden.

085/10 B Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF 22. juni 2010

Vedtak (samrøystes):

Styret godkjende og underteikna protokollen frå styremøte 22. juni 2010

086/10 B Godkjenning av protokoll frå telefonstyremøte i Helse Vest RHF 2. juli 2010

Vedtak (samrøystes):

Styret godkjende og underteikna protokollen frå telefonstyremøte 2. juli 2010.

087/10 O Administrerende direktør si orientering

- 1 **Bruk av korridor plassar i Helse Stavanger**
Dei siste 3 vekene har det vore 20 – 25 korridorpatientar innan somatisk behandling i Helse Stavanger. I psykiatrien har det ikkje vore korridorpatientar dei siste 2 vekene.
- 2 **Bruk av korridor plassar innan psykisk helsevern i Helse Bergen**
Det har vore 1 korridorpatient i psykisk helsevern i Helse Bergen i 2 døgn i juli og 1 døgn i august.
- 3 **Statens eierberetning 2009**
Administrasjonen viste til utsendt notat.
- 4 **Rentebinding av lån til investeringar**
Styret i Helse Vest har fastsett finansreglementet. Styret ønskte å gjere ei ny vurdering av reglementet om føretaksgruppa kjem i ein situasjon med stabile overskot.
- 5 **Kostnader til drift av helikopterbasane i Florø og på Sola**
Administrasjonen viste til utsendt notat.
- 6 **Orientering om relevante lovar, forskrifter og myndigheitskrav i perioden 13.05.10 - 15.08.10**
Administrasjonen viste til utsendt notat.
- 7 **Oversikt over tilsyns-, kontroll- og klagesaker i perioden 13.05.10 - 15.08.10**
Administrasjonen viste til utsendt notat.
- 8 **Oversikt over aktuelle høyringar per 15.08.10**
Administrasjonen viste til utsendt notat.

Vedtak (samrøystes):

Styret tok meldingane til orientering

088/10 B Oppdragsdokument 2010. Tilleggsdokument etter Stortinget si behandling av St.prp. nr 67 (2009-2009)

Oppsummering:

Som følge av at det er motteke nye oppdrag og utdjuiningar/presiseringar av oppdragsdokumentet for 2010 er det utarbeidd forslag til tilleggsdokument til styringsdokumenta for 2010 til Helse Førde HF, Helse Bergen HF, Helse Fonna HF og Helse Stavanger HF.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret tok dei nye oppdraga og utdjuiningane/presiseringane til oppdragsdokumentet for 2010 til etterretning.
2. Styret vedtok tilleggsdokument til styringsdokument for 2010 til Helse Førde HF i samsvar med forslag lagt fram for styret i styremøtet 01.09. 2010.
3. Styret vedtok tilleggsdokument til styringsdokument for 2010 til Helse Bergen HF i samsvar med forslag lagt fram for styret i styremøtet 01.09. 2010.
4. Styret vedtok tilleggsdokument til styringsdokument for 2010 til Helse Fonna HF i samsvar med forslag lagt fram for styret i styremøtet 01.09. 2010.
5. Styret vedtok tilleggsdokument til styringsdokument for 2010 til Helse Stavanger HF i samsvar med forslag lagt fram for styret i styremøtet 01.09. 2010.
6. Det blir gjennomført føretaksmøte i helseføretaka for formidling av tilleggsdokumentet til styringsdokumenta for 2010.

089/10 B Protokoll frå føretaksmøte Helse Vest RHF 8. juni 2010

Oppsummering:

Tysdag 8. juni blei det halde føretaksmøte i Helse Vest RHF i Helse- og omsorgsdepartementet sine lokale i Oslo.

I føretaksmøtet formidlar eigar styringsbodskap og presenterar dei styringskrav som gjeld.

Sakene som ble behandla var:

- Godkjenning av årsrekneskap og årsmelding 2009
- Godkjenning av godtgjering til revisor
- Årleg melding 2009
- Rapportering og kvalitet på ventelistedata
- Endring av driftskredittramme for 2010
- Mottak og behandling av elektronisk faktura
- Stadfesting av tidlegare vedtak

Vedtak (samrøystes):

Styret tok protokollen frå føretaksmøte i Helse Vest RHF 8. juni 2010 til etterretning.

090/10 B Rapportering frå verksemda per juli 2010

Oppsummering:

Aktivitetsrapporteringa innan somatikk er påverka av at det har blitt føretatt endringar i innsatsstyrt finansiering som gjer det vanskeleg å samanlikne 2009 aktiviteten med tilsvarende tal for 2010. Samanlikna med budsjettert aktivitet er den samla somatiske DRG-produksjonen per juli på same nivå som det HF-a i sum har budsjettert med.

Ventetidsutviklinga per juli 2010 viser at dei gjennomsnittlege ventetidene i hovudsak er på same nivå som for eit år sidan innan dei tre ulike fagområda, og at ventetidsutviklinga har vore relativt stabil særleg for dei prioriterte pasientane. Som venta steig dei gjennomsnittlege ventetidene i samband med ferieavvikling på HF-a. Ventetidene er i gjennomsnitt kortast for dei prioriterte pasientane. Dette gjeld både for pasientar som er tatt til behandling og for pasientar som framleis ventar. Epikrisetidene held seg framleis stabile rundt 75 % innan psykisk helsevern og rundt 65 % innan somatikken.

Akkumulert resultat pr juli er pluss kr 51,4 mill som er kr 45,7 mill dårlegare enn budsjettert. Apoteka rapporterer ei prognose som er kr 7,8 mill betre enn budsjett medan Helse Stavanger nå rapporterer eit resultat på kr 0,- Dei andre føretaka opprettheld sine prognoser frå førre rapportering. Helse Fonna og Helse Førde rapporterer ei realisert omstilling på 38 og 89 % medan Helse Stavanger rapporterer at føretaket berre har realisert 11 % av forventet realisert omstilling pr juli. Helse Vest vil ha ei tett oppfølging av likviditetssituasjonen framover men vurderer samla sett driftskredittramma til å vere tilstrekkeleg.

Sjukefråværet for føretaksgruppa var 6,4 % i pr juni. Sjukemeldt sjukefråvær er 5,6 % i juni noko som er stabilt frå mai. Tal einingar som har eit sjukefråvær på 5,5 % eller lågare var i juni 62,1 %. Det er 429 fleire netto månadsverk i føretaksgruppa i juli samanlikna med juli i fjor.

Tiltrua til tenesta vippar denne månaden ned på 77 - det lågaste nivået sidan februar i fjor, men likevel innanfor målsetjinga. Med unntak av Helse Fonna, viser resultata frå juni ein nedgang i tiltrua på mellom 2 og 4 prosentpoeng i alle føretaka. Inntrykket av det regionale helseføretaket ligg på 58 prosent, omtrent på same nivå som i mai (59).

Styret ønskte ei om status i arbeidet med å få ned talet på fristbrot på styremøtet i oktober.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret tok rapportering frå verksemda per 31. juli 2010 til etterretning.
2. Styret ber Helse Stavanger gå aktivt gjennom tiltaka som skal sikre ein prognose i balanse, i tråd med Helse Stavanger si rapportering. Styret i Helse Vest RHF vil be om at revidert tiltaksplan blir oversendt Helse Vest, og rapportert på i oppfølgingsmøta mellom Helse Vest og Helse Stavanger.
3. Styret vil og be Helse Stavanger justere investeringsnivået i tråd med den oppdaterte resultatprognosen.

091/10 B Langtidsbudsjett 2011 - 2015

Oppsummering:

Styret i Helse Vest har vedtatt å utarbeida eit 5-årig langtidsbudsjett i kvart helseføretak og for føretaksgruppa som heilskap kvart år. Langtidsbudsjetta skal ha ei årleg rullering der ein tar opp i seg endra føresetnader og føringar frå styret og eigar. Under sak 093/09 B har styret i Helse Vest lagt føringar for langtidsbudsjett 2010-2014.

Det finansielle grunnlaget for investeringar ligg på vel kr 1,4 mrd i perioden 2011 til 2015. Gjennomføring av investeringsplanen føreset at det blir gitt lån til nytt barne- og ungdomssenter i Helse Bergen på kr 707 mill og lån til prosjekta innan psykisk helse og MOBA 3. etasje ved Helse Stavanger med til saman kr 450 mill. Dersom det ikkje blir gitt lån i denne størrelsesorden må føretaka gjere tilpassingar i sine investeringsplanar for å tilpasse seg det finansielle grunnlaget.

Det er viktig at helseføretaka jobbar vidare med omstilling og legg eit godt og trygt grunnlag for å nå nødvendig resultatkrav. Manglande resultatoppgåving vil få direkte innverknad på føretaka sin finansiell og økonomiske bereevne.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret vedtok langtidsbudsjett for 2011 til 2015.
2. Resultatkravet for perioden 2011 til 2015 blir fastsett som følgjer:

Resultat pr. foretak	Langtidsbudsjett					
	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Helse Stavanger	26 384	40 000	50 000	85 000	81 000	122 000
Helse Fonna	10 000	10 000	31 000	34 000	34 000	35 000
Helse Bergen	110 000	160 000	180 000	200 000	220 000	220 000
Helse Førde	-40 000	-20 000	0	10 000	20 000	20 000
Helse Vest IKT	105	0	0	0	0	0
Apoteka Vest	7 314	7 000	8 000	8 000	9 000	9 000
Helse Vest RHF	43 677	20 000	0	0	0	0
Sum føretaksgruppa	157 480	217 000	269 000	337 000	364 000	406 000

3. Helseføretaka må styre og prioritere investeringane innanfor tilgjengelig likviditet i langtidsbudsjettet. Dersom resultatet endrar seg negativt må det gjerast nødvendige tilpassingar i investeringane
4. Helse Førde får omfordelt likviditet på ytterlegare kr 60 mill frå RHF-et til investeringar i 2010/11. Desse investeringane med tilhøyrande driftskonsekvens må bli innarbeidd i deira langtidsbudsjett
5. Dei årlege investeringsbudsjetta blir vedtatt i samband med behandling av dei årlege budsjetta.
Beslutning om og gjennomføring av investeringar må følgje fastsette retningslinjer for investeringar. Langtidsbudsjettet gjev ikkje godkjenning for gjennomføring av dei enkelte prosjekta.
6. Rullering av nytt langtidsbudsjett skal gjerast våren 2011 med basis i revisjon av Helse 2020.

092/10 B Investeringsramme Helse Førde og resultatkrav Helse Fonna

Oppsummering:

I styresak 009/10 B som vart behandla i møte den 3/2-2010 blei investeringsramma 2010 fastsett for dei enkelte føretaka i Helse Vest. I same sak vart det også gjort greie for nødvendig resultatkrav for åra 2011-2014 samt finansielt grunnlag for å løfte investeringar.

Helse Førde har no søkt om å få tildelt ekstraløyving til investeringar i 2010-2011 på totalt kr 112,8 mill. Helse Fonna har søkt om lemping av resultatkravet i 2011 frå kr 20 mill til kr 10 mill.

I denne saka blir det lagt fram forslag om følgjande:

1. Investeringsramma til Helse Førde blir auka med kr 60 mill. Dette blir finansiert ved omfordeling av likviditetsramme frå RHF-et til Helse Førde
2. Helse Fonna får justert sitt resultatkrav frå kr 20 mill til kr 10 mill i 2011

Følgjande skriv og meldingar var delt ut til styret i denne saka:

- Brev frå ordførar i Eid kommune, dagsett 310810 – Stopp gjennomføringa av strategiprosessen
- Brev frå Nordfjordrådet, dagsett 310810 – Støttebrev til brev frå Eid kommune
- Brev frå advokatfirmaet Harris på vegne av Aksjonskomiteen for bevaring av Nordfjord sjukehus – Søknad om økt investeringsramme frå Helse Førde – oppfølging av vedtak om omstilling.

Styret ønskte å komme tilbake til desse innspela på eit seinare tidspunkt i prosessen.

Vedtak (samrøystes):

1. Investeringsramma til Helse Førde blir auka med kr. 60 mill i 2010/11.
2. Resultatkravet til Helse Fonna for 2011 blir sett til kr 10 mill.

093/10 B Oppfølging av barne- og ungdomspsykiatrien

Oppsummering:

Styresaka gjer greie for status og helseføretaka si oppfølging av ventetidsgarantien. Det er i saka spesielt fokus på ventetider og fristbrot. Helseføretaka har gjort greie for status, gjennomførte tiltak og vidare plan per 01.05.10.

Det har i hovudsak vore ei positiv utvikling for Helse Vest totalt tom. 1. tertial 2010. Gjennomsnittlege ventetider for psykisk helsevern barn og unge er noko redusert i alle helseføretak for dei prioriterte pasientane, samanlikna med 1. tertial 2009. Helse Vest skil seg her positivt ut samanlikna med andre regionar, som alle har hatt ei auke. Helse Vest har per 1. tertial dei nest lågast ventetidene i landet.

Ventetidsgarantien er likevel ikkje innfridd då det framleis er 12 % av barn og unge 0-22 år innan psykisk helsevern og rus, som har vurderingstid og ventetid på behandling lenger enn ventetidsgarantien tilseier. Det er dermed også framleis fristbrot. Samstundes er delen fristbrot blitt redusert samla for Helse Vest, og til dels kraftig redusert for 3 av helseføretaka i Helse Vest. Det har spesielt vore ei positiv utvikling i Helse Stavanger. Helse Fonna har derimot hatt ein auke i delen fristbrot.

Helse Vest har hatt ein auke i dekningsgraden i 2009, men ligg framleis lågast i landet. Det ligg p.t. ikkje føre tal på dekningsgrad, produktivitet og personelldekning for 2009 per helseføretak, frå SAMDATA eller NPR. Styresaka er difor konsentrert om status ift. oppfylling av ventetidsgarantien.

Det er grunn til framleis å følgje utviklinga nøye, spesielt i Helse Fonna. Det må framleis vere eit stort fokus på rekruttering av nok behandlarar og på organisering av tenesta slik at ventetidsgarantien blir innfridd.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret tar til orientering at det har vore ein positiv utvikling i dei fleste helseføretaka når det gjelder ventetider og fristbrot, og at helseføretaka har høgt fokus på å kunne innfri ventetidsgarantien for barn og unge.
2. Styret i Helse Vest er likevel ikkje nøgd med at kravet om å innfri barne- og ungdomsgarantien framleis ikkje er nådd. Arbeidet må ha høg prioritet i helseføretaka, og styra må sikre at naudsynte tiltak blir sett i verk.
3. Styret ser det naudsynt med ei framleis tett oppfølging av barne- og ungdomspsykiatrien, særskilt når det gjeld dekningsgrad, ventetider, fristbrot og aktivitet (produktivitet).
4. Helseføretaka må framleis ha fokus på å tilføra barne- og ungdomspsykiatrien naudsynt behandlarkapasitet og kompetanse, og sikra ei effektiv utnytting av ressursane.
5. Ein dekningsgrad på 5 % og barne- og ungdomsgarantien skal innfriast i alle helseføretaka.
6. Styret vil bli informert om utviklinga i eiga sak våren 2011.

094/10 B Mal for styret si eigenevaluering og vurdering av administrerende direktør

Oppsummering:

Med bakgrunn i styresak 113/09 og drøfting i styremøte 2. desember 2009 er det utarbeidd forslag til ny mal til bruk for styret si eigenevaluering og vurdering av administrerende direktør.

Følgjande skriv og melding var delt ut til styret i denne saka:

Notat frå Regionalt brukarutval - Mal for styret si evaluering og vurdering av administrerende direktør.

Styret tok notatet til etterretning, og la inn eit punkt i evalueringa om dialogen med regionalt brukarutval.

Vedtak (samrøystes):

Styret vedtok det vedlagte dokument, med den endringa som kom fram i møtet, som ny mal for styret si eigenevaluering og vurdering av administrerende direktør.

095/10 B Møteplan for 2011 for styret i Helse Vest RHF

Oppsummering:

I forslaget til møteplan for styret i Helse Vest RHF er det lagt opp til 11 styremøte. Det er og lagt inn 1 styreseminar for RHF-styret og HF-styra.

Det er og planlagt fellesmøte med styra i helseføretaka og det regionale brukarutvalet. Presentasjonar av Apoteka Vest HF, Private Ideelle institusjonar, Pasientomboda og Helse Vest IKT er innarbeidd.

I forhold til utsendt møteplan var styret samde om følgjande endringar:
 Styremøte onsdag 2. februar blir flytta til torsdag 3. februar.
 Styremøte og styreseminar 16. og 17. mars blir flytta til 15. og 16. mars.
 Styremøtet i mai blir torsdag 5. mai.

Månad	Dag	Aktivitet	Stad	Faste Saker /Tema	Presentasjonar/møte
Januar	onsdag 12.	Styremøte	Stavanger		
Februar	torsdag 3.	Styremøte	Bergen	Budsjett 2011	Presentasjon - Private Ideelle
Mars	tysdag 15.	Styremøte	Stavanger	Styringsdokument 2011	Presentasjon Helse Vest IKT AS
Mars	Onsdag 16.	Samling RHF-styret/HF-styra Føretaksmøte HF-a	Stavanger		Alle styremedlemmer i RHF-styret og HF-styra/Helse Vest IKT AS deltek + leiar av regionalt brukarutval
April	onsdag 13.	Styremøte	Stavanger		Presentasjon - Pasientomboda Presentasjon - Det regionale brukarutvalet + Fellesmøte med det regionale brukarutvalet
Mai	torsdag 5.	Styremøte	Førde	Årsrekneskap og styret si årsmelding 2010	Presentasjon Helse Førde HF + Fellesmøte med styret i Helse Førde HF
Juni	onsdag 1.	Styremøte	Stavanger		Presentasjon - Helse Stavanger HF + Fellesmøte med styret i Stavanger HF
Juni	onsdag 22.	Styremøte	Bergen	Økonomirapportering	Presentasjon - Helse Bergen HF + Fellesmøte med styret i Helse Bergen HF
September	onsdag 7.	Styremøte	Haugesund		Presentasjon - Helse Fonna HF + Fellesmøte med styret i Helse Fonna HF
Oktober	onsdag 5.	Styremøte	Stavanger		Presentasjon Apoteka Vest HF
November	onsdag 2.	Styremøte	Stavanger		
Desember	onsdag 7.	Styremøte	Stavanger	Styret si eigenevaluering og evaluering av administrerande direktør	

Vedtak (samrøystes):

Styret godkjente møteplan for 2011, med dei endringar som blei lagt fram i møtet.

096/10 B Revisjonsrapport- oppfølging av økonomistyring i helseføretaka

Oppsummering:

Økonomistyring i helseføretaka er tidligare behandla i revisjonskomite og styret i Helse Vest i både 2008 og 2009. I styresak 101.09 blei gjort følgjande vedtak: " Styret i Helse Vest RHF

ber revisjonskomiteen framleis følgje opp helseføretaka når det gjeld økonomistyring i helseføretaka". Revisjonskomiteen vedtok på møte 01.12.09 prosjektplan for oppfølging av økonomistyring.

Internrevisjonen legg med dette fram rapport om oppfølging av økonomistyring i helseføretaka. Prosjektet er gjennomført i perioden frå årsskiftet til mai 2010 og resultatane er presentert i ein rapport for kvart føretak samt ein samlerapport til Helse Vest.

Føremålet med prosjektet er å undersøka kvaliteten på økonomistyringa og om helseføretaka har tilpassa økonomistyringa til sine økonomiske utfordringar. I tillegg har revisjonen undersøkt korleis helseføretaka har følgd opp tilrådingar frå tidlegare revisjonar.

Undersøkinga viser at det i føretaka er forbettringspotensial på nokre områder mellom anna styrke økonomikompetansen til linjeleiarar, betre dokumentasjon av prosessar og rutinar, utvikle kontrollarfunksjonen, betre budsjettarbeidet og bruk av prognosar, grundigare planlegging og forankring av omstillings- og innsparingstiltak samt utforming og bruk av rapportar i den operative styringa.

Rapportane blei behandla i møte i revisjonskomiteen 21.06.10.

Vedtak (samrøystes):

Styret tok rapport om oppfølging av økonomistyring i helseføretaka til orientering og ba om å bli orienterte om det vidare arbeidet med dei tiltak som føretaka sett i verk.

097/10 B Helse2020 - Revidering 2011-2015

Oppsummering:

Den overordna verksemdplanen i Helse2020 er konkretisert med tiltak for perioden 2007-2011. Det er difor no tid til å gjennomføre ei revidering av planen med oppdatering av tiltaksplanen for ein ny periode, frå 2011 til 2015.

Hovudmålet med revideringa er å oppdatere tiltaksplanen for ein ny periode basert på visjonen og dei verdiar og mål som ligg i planen samt dei endringar som har skjedd i perioden i forhold til grunnlagsdokumenta bak strategien, utviklinga i det enkelte helseføretak og i føretaksgruppa samla.

Vedtak (samrøystes):

Styret i Helse Vest RHF slutta seg til prosess og framdrift for revidering av Helse2020 for perioden 2011-2015.

098/10 O Protokoll frå møte i revisjonskomiteen i 21. juni 2010

Oppsummering:

Referat frå møte i revisjonskomiteen skal leggjast fram for styret. Revisjonskomiteen hadde møte i Bergen den 21.06.2010.

Vedtak (samrøystes):

Styret tok protokoll frå møte i revisjonskomiteen den 21.06.2010 til orientering.

099/10 B Eventuelt

Det var ikkje behandla saker under eventuelt.

Skriv og meldingar:

Følgjande skriv og meldingar var sendt ut til styret:

- Kopi av brev frå Helsetilsynet til Helse Stavanger HF, dagsett 30.07.10 "Oversendelse av endelig rapport frå regionalt tilsyn 2010 – tilsyn med utredning, diagnostikk og logistikk ved tumor mammae"
- Kopi av brev frå Helsetilsynet i Hordaland til Unilabs Røntgen, dagsett 29.07.10 "Rapport fra tilsyn med Unilabs Røntgen – Bergen 15. – 16. juni 2010"
- Kopi av brev frå Statens Helsetilsyn til Helse Førde, dagsett 13.07.10 "Melding om retting av forholda"
- Kopi av brev frå Statens Helsetilsyn til Helse Førde, dagsett 12.07.10 "Pålegg om retting"
- Kopi av brev frå Helsetilsynet i Hordaland til Haukeland Universitetssykehus, dagsett 08.07.10 "Rapport frå tilsyn med utgreiing, diagnostikk og logistikk ved brystkreft – Helse Bergen HF 15. – 16. juni 2010"
- Kopi av brev frå Helsetilsynet i Hordaland til Helse Fonna HF, dagsett 04.07.10 "Oversending av rapport frå Helse Fonna HF, Klinikk for akuttmedisin og kirurgi, Odda somatikk 2. - 3. juni 2010"
- Brev frå Voss kommune til Helse Vest RHF, dagsett 30.06.10 "Oppretthald Voss Rehabiliteringssenter"
- Brev frå Ordførarar i Vaksdal- Ulvik- og Voss kommune , Kvam- og Granvin herad til Helse Vest RHF, udatert "Vedr. Voss Rehabiliteringssenter AS"
- Brev frå Helse Vest RHF til Ordførarar i Vaksdal- Ulvik- og Voss kommune , Kvam- og Granvin herad, dagset 30.07.10 "Vedrørande kjøp av spesialiserte rehabiliteringstenester"
- Brev frå Norsk Pensjonistforbund Hordaland til Helse Vest RHF, dagsett 22.06.10 "NEI til avvikling av Voss Rehabiliteringssenter Hagahaugen"
- Brev frå Brukerutvalet i Helse Bergen HF til Helse Vest RHF, dagsett 06.07.10 "Rehabiliteringstilbodet i Helse Vest"
- Brev frå Helse Vest RHF til Brukerutvalet i Helse Bergen HF, dagsett 30.07.10 "Rehabiliteringstilbodet i Helse Vest"
- Brev frå Helse Vest til Norsk Pensjonistforbund Hordaland, dagsett 30.07.10 "Vedrørande innspel om Voss Rehabiliteringssenter Hagahaugen"
- Brev frå Helse Vest RHF til Voss kommune, dagsett 30.07.10 "Vedrørande kjøp av spesialiserte rehabiliteringstenester"
- Brev frå NHF Voss til Helse Vest RHF, udatert, "Hagahaugen har livsrett"

- Brev frå Helse Vest RHF til NHF Voss, dagsett 30.07.10 "Vedrørande innspel om Voss Rehabiliterings senter Hagahaugen "
- Brev frå Bulken Kvinne- og familielag til Helse Vest RHF, dagsett 21.06.10 "Voss rehabiliteringssenter Hagahaugen"
- Brev frå Helse Vest RHF til Bulken Kvinne- og familielag, dagsett 30.07.10 "Vedrørande innspel om Voss Rehabiliteringssenter Hagahaugen"
- Brev frå Arkitektbruket ANS til Helse Vest RHF, dagsett 16.08.10 "Spørsmål vedrørende drift av Voss Rehabiliteringssenter på Hagahaugen"
- Brev frå Helse Vest RHF til Arkitektbruket ANS, dagsett 18.08.10 " Vedrørande Voss Rehabiliterings senter"
- Brev frå Norsk forening for Fysikalsk medisin og Rehabilitering til Helse Vest, udatert "Rehabilitering i Helse Førde"
- Kopi av brev frå HOD til Gisle Hunvik, dagsett 21.07.10 "Lokalsykehus - Arbeiderpartiets politikk"
- e-post frå Gisle Hunvik til HOD, dagsett 10.07.10 "Angående lokalsykehusene i Sogn og Fjordane"
- Brev frå Nordfjordrådet til statsråd Anne-Grete Strøm-Erichsen, udatert "Strategiprosessen i Helse Førde må stoppast"
- Brev frå Trond-Kjetil Rendal til Helse Vest RHF, 22.06.10 "Førde Sentralsjukehus?"
- Brev frå HOD til styreleder og adm.dir. i RHF-a, dagset 02.07.10 "Uønskede hendelser spesialist helsetjenesten"
- Brev frå HOD til styreleder og adm.dir. i RHF-a, dagset 17.06.10 "Presisering av hva som menes med umiddelbar varslng til Statens helsetilsyn når alvorlige hendelser har skjedd - utrykningsgruppen"
- Brev frå Gulen kommune til Helse Vest, dagsett 23.06.10 "Søknad om endring av føretaksgrense"
- Brev frå HOD til styreleder i RHF-a, dagsett 21.07.10 "Retningslinjer for statlig eierskap - Holdninger til lederlønn"

Følgjande skriv og meldingar var delt ut i møte:

- Samandrag frå prosjektoppgåve frå Handelshøgskolen BI – "Styrets ansvar for risikostyring og internkontroll. Følger styrene i børsnoterte selskaper og norske regionale helseforetak gjeldende lover, forskrifter, standarder og andre styrende dokumenter?"
- Om nokon ønskjer heile prosjektoppgåva, kan dei få den tilsendt.
- Brev frå Ordførar i Eid kommune, dagsett 31.08.10 – Stopp gjennomføringa av strategiprosessen
- Brev frå Nordfjordrådet, dagsett 31.08.10 – Støttebrev til brev frå Eid kommune
- Brev frå advokatfirmaet Harris på vegne av Aksjonskomiteen for bevaring av Nordfjord sjukehus – Søknad om økt investeringsramme frå Helse Førde – oppfølging av vedtak om omstilling.

Lukka del

Møtet var lukka jf Offl. § 23, 1. ledd

087/10 O Administrerende direktør si orientering

9. Om forlenging av avtaler innan tverrfagleg spesialisert behandling for rusmiddelavhengige

Saka blei diskutert. Styret presiserte at dei, når det er mogleg, ikkje ønskte å ha denne type saker direkte i møtet, men som beslutningssaker med dokumentasjon utsendt på førehand.

Vedtak (samrøystes):

Styret tok saka til orientering

Oddvard Nilsen
Styreleiar

Aud Berit Alsaker Haynes
Nestleiar

Ohene Aboagye

Gunnar Berge

Gerd Dvergsdal

Gisle Handeland

Torill Selsvold Nyborg

Gro Skartveit

Nils P Støyva

Helge Espelid

Lise Karin Strømme

Aslaug Husa

Reidun Nyborg Johansen
